

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	Tysdag 12.03.24 Klokka. 18:00-20:00	Stad:	Landro skule
------------	--	-------	---------------------

Desse var kalla inn:

Anette Johansen Arslan	Foreldrerådet, leiar FAU
Elin Landro Tøsdal	Foreldrerådet
Beate Heggernes	Undervisningspersonalet
Ingvild Langeland Tellnes	Undervisningspersonalet
Monica H. Sæle	Andre tilsette
Morten Snekkevik	Kommunal representant, politisk
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor

Sak nr. **Saker frå FAU:**

8-23/24	<ul style="list-style-type: none"> • Vi hadde ei kort evaluering av dei siste arrangementa. Det er ikkje like lett å få dei eldste elevane våre til å stille på arrangement, som det er for dei yngste. Målet er at FAU sine arrangement skal treffe målgruppa godt. Karneval passar nok best for 1.-4. trinn. Elevrådet har spelt inn forslag til ulike aktivitetar, til dømes filmkveld. FAU tek innspela med seg i den vidare planlegginga. Det er viktig at når FAU først tek eit val av arrangement, så blir det støtta godt opp av foreldregruppa, og at ein deler på dei ulike oppgåvene. SU drøfta dette med Valentinedisko og barneskule. Vi er einige om at tema Valentine godt kan kome på eit seinare tidspunkt i skulelopet. Målet for aktivitetane i regi av FAU er ikkje å skape stress eller press med tanke på klede, kjæresteri eller andre ting. Det er viktig å presisere at Valentinediskoen vart fint gjennomført, og det var med invitasjonen sendt ut god informasjon om arrangementet. • FAU vil drøfte vidare korleis eit evt. økonomisk overskot kan kome elevane ved Landro skule til gode. Kva med at overskotet blir midlar som går til skulen ved elevrådet, og at skulen/elevrådet kan disponera midlande til utstyr eller anna elevane ynskjer.
----------------	--

	<ul style="list-style-type: none"> • Representantar frå FAU stiller som påskeharar fredag 22.03 kl. 10:00. Dette blir ei koseleg overrassing for å markere god innsats i leseprosjektet og ynskje alle god påske. • 17. mai: Det er tradisjon at elevane på 7. trinn hjelper til med ulike aktivitetar på 17. mai. Alle elevane på 7. trinn er ført opp på vaktlister, og det ligg ei forventning frå FAU om at elevane stiller. 7. klasse får pengar av FAU til å arrangere ei fin avslutning før sommaren. FAU ynskjer tradisjonen tru at elevar frå 7. trinn held tale på 17. mai. • Teiknekonkurranse: 17. mai komitéen inviterar elevane til teiknekonkurranse. Invitasjon blir sendt ut på Transponder. Frist 05.04. • Gamingkveld 3.-7. trinn: Skulen har oppretta kontakt med IKT-avdelinga i kommunen, og er i dialog kring ulike spørsmål som må avklarast før gjennomføring av gamingkveld. Bruk av bedriftsnettverk, tilbakemelding om kva spel som skal brukast er nokre av spørsmåla. For å ha oversikt og kontroll vil det nok fungere best klassevis/trinnvis på klasseromma. FAU-leiar skulle sjekke om når det var realistisk å gjennomføre gamingkvelden. Tilbakemeldingen er at det blir gamingkveld, men ikkje på denne sida av sommaren.
	Saker og orientering frå skulen:
9-23/24	<ul style="list-style-type: none"> • Temaveke «På lag»: 10.-14. juni blir det arrangert temaveke på Landro skule. Dette blir ei aktivitetsveke med ulike aktivitetar og konkurransar, og der samarbeid og samhald er i fokus. Elevrådet skal involverast og få kome med innspel. FAU er positive til å stille med grilling/pølser. Ynskje frå skulen er at det blir grilling fredag 14. juni. Felles sommaravslutning for alle klassane blir lagt til same veka, torsdag 13. juni. • Vigilo: Neste skuleår tek alle skulane i Øygarden kommune i bruk eit nytt oppvekstadministrativt system som heiter Vigilo. Dette systemet vil mellom anna erstatte Transponder som digital meldingsbok. • Praksisskule: Frå hausten av vil Landro skule vere praksisskule/øvingsskule for lærarstudentar. Det vil seie at vi ein del veker gjennom skuleåret tek imot studentar frå Høgskulen på Vestlandet (HVL), som skal gjennomføre si praksis hos oss. • Prosjekt Sørdalen: Det jobbast for tida med at Landro skule skal få delta i eit folkeforskningsprosjekt som omhandlar effektar av plastrydding og involverer elevane våre. Dei skal plukke og registrere plastavfall, og bidra med eigen forsking på mikroplast, der elevane kan bidra med innsamling av prøver. Framtidshavet og Norce blir samarbeidspartar i prosjektet. Dette blir spennande!

	<ul style="list-style-type: none"> • Leseprosjekt: Det er viktig å jobbe for å fremje leseglede og leselyst hos elevane våre. Det er målet med leseprosjektet som blir gjennomført i veke 10-12. • VilVite: Øygarden kommune har gjort avtale med VilVite-senteret i 2024. Det vil seie at kvar klasse får ta turen til VilVite i løpet av våren eller hausten om dei ynskjer det. Vi brukar kulturbillettane for å dekke transporten. Nokre klassar vel gjerne å bruke kulturbilletten for å delta på andre ting. Det let seg også gjere. • Ungdata junior undersøking vil bli gjennomført for elevane på 5.-7. trinn i veke 17-19. Dette er nytt i år og vil bli gjennomført på alle skular i kommunen.
10-23/24	<p>Endring av ordensreglane (skulereglane) for Landro skule:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi ser at det er behov for å endre litt på ordensreglane våre, blant anna med tanke på ordlyd rundt dette med mobilfrie skular. Hovudregelen vil framleis vere at mobilen ikkje skal brukast i skuletida. For 1.-4. trinn gjer vi som før, ved at mobilen ligg avslått i sekken. For 5.-7. trinn innfører vi gradvis mobilhotell. Det vil seie at elevane leverer inn mobilen når dei kjem om morgonen, og får den levert ut ved skuleslutt. • Vi har korta ned nokre punkt i ordensreglane som vi tykte var utdaterte. • Med ny opplæringslov som skal takast i bruk ved oppstart av nytt skuleår, skal det heite skuleregler og ikkje ordensreglar. Det er snakk om at kommunen skal lage nye skuleregler. Vi avventer difor litt med å sende ut dei oppdaterte skulereglane våre. Det blir viktig å sjå at dei harmonerer med dei skulereglane som evt. blir felles for skulane i Øygarden kommune.
<i>Referent:</i> Anita Vabø, rektor	